



## Notat

Dato  
LEIKANGER, 19.02.2016

Til: Fylkesutvalet, 2. mars 2016

Frå: Fylkesrådmannen

### Anbod på fylkesvegferje Daløy - Haldorsneset frå 01.01.2019

I samband med at kontrakten på ferjesambandet Daløy – Haldorsneset går ut 31.12.18 har fylkeskommunen bedt Statens vegvesen om ei vurdering av mellom anna kva krav og kontraktslengde som bør ligge til grunn for framtidig kontrakt.

Vi viser her til at fylkeskommunen brukar Statens vegvesen (SVV) til innkjøp og drift av ferje-kontraktane våre gjennom «sams vegadministrasjon». Vi får her bruke fagkompetansen til Statens vegvesen utan at vi må betale særskild for det.

Vedlagt ligg eit utdrag av notatet frå SVV der opplysninga om forventa kostnadsnivå m.m. er fjerna for ikkje å danne grunnlag for prising i konkurransen som skal utlysast.

#### Rutetilbodet

Fylkestinget har vedteke at det skal sparast 34 millionar kroner innan kollektivtrafikk fram mot 2019. Det er gjennomført mange utgreiingar for å finne ut korleis dette skal gjerast. Av tiltaka HS har sett på er å redusere rutetilbod og opningstid på ferjesamband med høg frekvens og lite trafikk. For å sjå kva det er å spare på dette meiner fylkesrådmannen vi må be tilbydarane prise opsjonstur midt på dag og på kveldstid fredag og søndag slik det er omtalt i notatet frå SVV. Dersom kommunen ønsker å tre inn og kjøpe ei slik opsjonsrute, vil det sjølvsagt vere opning for det.

#### Miljø

Det er pr. i dag ikkje krav om at fylkeskommunen skal be om låg- eller nullutslepp ved gjennomføring av konkurransar i 2016. Signalen frå Stortinget er likevel tydelege på at dette er ei ønska retning. Fylkesrådmannen meiner det vil vere rett å be om minimum lågutslepp i denne konkurransen. Meirkostnaden med dette tiltaket vil mest truleg vere større enn dei 3 % fylkestinget har gjort vedtak om å bruke dersom eit tilbod med miljøprofil er mindre enn 3 % dyrare enn vanleg dieselferje

#### Universell utforming

Konkurransegrunnlagsmalen, slik den ligg i dag, stiller krav om universelt utforma toalett både på nye og eksisterande fartøy. På eksisterande fartøy er det ikkje krav om at salong skal vere tilgjengelig for alle. SVV og fylkeskommunen er samde om at følgjande ordlyd vil ivareta behov for reisande med rullestol og/eller barnevogn på ein god måte:



*«Dersom fartøyet ikke har salong på bildekknivå, eller heis (egnet for rullestol/ barne-vogn) til salong/plassasjerfasiliteter, skal fartøyet tilrettelegges med et oppholdsareal tilgjengelig for - og med plass til - rullestol og ledsager, og/eller barnevogn med følge. Oppholdsarealet skal plasseres i nærheten av toalett tilpasset funksjonshemmede. Adkomsten skal være anordnet og tilpasset for å sikre lett adkomst. Eventuelle terskler må være maksimum 20 mm., terskler som er høyere enn dette skal påmonteres terskeleminimatorer (skråkanter). Dører til slikt oppholdsareal skal oppfylle samme krav som for nybygg. Det skal være tilfredsstillende snuareal/møteareal i tilknytning til dette oppholdsarealet.»*

Fylkesrådmannen meiner at det er fornuftig å skjerpe krav til universell utforming slik at det er mogleg for personar med rullestol/barnevogn å opphalde seg innandørs på overfarten.

#### Kapasitet

For å få ein best mogleg konkurranse er det viktig å ikkje stille krav som ekskluderer fartøy. Med bakgrunn i at dagens ferjestorleik tilfredsstiller transportbehovet på denne strekninga, vil fylkesrådmannen vidareføre kapasiteten på omtrent same nivå som i dag. For å ta unna eventuelle toppar vert det stilt krav om ekstratur dersom det vert ståande att bilar og det samtidig er meir enn t.d. 30 minutt til neste avgang.

#### Kontraktslengde

Fylkestinget har løyvd 1 million kroner til forprosjekt bru over Ytre Steinsund (2. tertial 2015, vedlegg 2). Fylkesrådmannen tolkar dette som eit tydeleg signal om at det er ynskje om å få på plass eit ferjeavløysingsprosjekt over Ytre Steinsund. For ikkje å vere til hinder for dette, meiner fylkesrådmannen at det vil vere rett å bruke ein relativt kort avtaleperiode (5 år), med inntil 3 års opsjon slik at avtalen kan avsluttast dersom bru vert realisert.

For å unngå høge kapitalkostnader er det nødvendig at det ikkje vert stilt for strenge krav i ein slik konkurranse. Med ei kort avtaleperiode og strenge krav vil kostnadane bli vesentleg høgare enn med ei kort avtaleperiode og moderate krav.

#### Hovudutval for samferdsle

HS vart i møte 9. februar informert om kva fylkesrådmannen tenkjer å gjere i samband med anbodsutlysing av ferjesambandet Daløy – Haldorsneset.

#### Oppsummert

Fylkesrådmannen vil anbodsutsetje ferjesambandet Daløy – Haldorsneset med følgjande krav:

- Rutetabell som i dag, men med nokre ruter som opsjonsruter
- Minimum krav til lågutslepp (biodiesel)
- Plass til minimum 10 personbileiningar
- Krav om ekstratur dersom det er attståande bilar og meir enn 30 minutt til neste avgang
- Universelt utforma toalett og plass til oppholdsareal for rullestol/barnevogn i nærleiken
- Kontraktsperiode på 5 år og opsjon på inntil 3 år.

**Fylkesrådmannen ber om fylkesutvalet sine ev. merknader.**